



SAMNANGER KOMMUNE
Tyssevegen 217
5650 TYSSE

Saksbehandlar, innvalstelefon
Toril M Mullen, 5764 3127

Inspeksjonsrapport etter statleg tilsyn med myndigheita i kommunen etter forureiningslova - forsøpling - Samnanger kommune

Vi viser til svar frå Samnanger kommune 4. juli 2024 på brev frå Statsforvaltaren 27. mai 2024 med spørreskjema for gjennomføring av brevtilsyn med kommunen si myndigheit etter forureiningslova på forsøplingsområdet. Tilsynet blei gjennomført med heimel i forureiningslova § 48a, jf. kommunelova kapittel 30.

Avvik

Kommunen pliktar etter kommunelova § 25-1 å ha internkontroll som skal sikre at lover og forskrifter blir følgt, og som derfor omfattar alle lovpålagde plikter. Det er i § 25-1 stilt konkrete krav til internkontrollen. Den skal mellom anna omfatte ei skildring av kommunen sine plikter, nødvendige rutinar og eit system for å avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik. Kommunen sin internkontroll er sentral for å sikre at kommunen sitt arbeid og prioriteringar blir tilpassa behovet i kommunen, blant anna basert på risikovurderingar.

Gjennomføring av risikovurderingar er sentralt som grunnlag for utforminga av kommunen sin internkontroll, og inneber at kommunen må gjere ei konkret analyse og vurdering av sannsynet for at lover og forskrifter ikkje blir følgde. Alle kommunen sine plikter skal inngå i ei slik vurdering. Kjennskap til pliktene og innhaldet i desse er ein nødvendig føresetnad for gjennomføringa av risikovurderinga.

Samnanger kommune har ikkje gjennomført risikovurderingar som omfattar moglegheit for brot på pliktene som gjeld forsøpling og avfall. Kommunen oppfyller derfor ikkje kravet til internkontroll i kommunelova § 25-1.

Merknader

Rolla som forureiningsmyndigheit for forsøplingssaker inneber at kommunen har ansvar for å halde oversikt over kva som skjer på saksområdet ved å følge opp forbod og krav gjennom eigeninitierte tilsyn eller førespurnader frå publikum. Kommunen skal også rettleie publikum og verksemder om regelverket på området, jf. forureiningslova § 48.



Samnanger kommune har svart at den ikkje har informasjon på sine nettsider eller aktivt rettleiar verksemder som driv kiosk, daglegvarehandel, leirplass eller arrangørar av tilstellingar eller stemner om deira plikter etter forureiningslova § 35. Kommunen har rettleiingsplikt overfor desse aktørane, og må på eigna vis sørge for at dei får informasjon om sine plikter.

Det følger av forureiningslova § 37 tredje ledd at dersom nokon har bedt kommunen gi pålegg om opprydding eller betaling av utgifter etter første eller andre ledd, så skal kommunen si avgjerd i saka bli sett på som eit enkeltvedtak, uavhengig om dei ender med pålegg eller ikkje.

Videre oppfølging

Statsforvaltaren forventar at kommunen retter opp avviket og tar merknaden til etterretning. Statsforvaltaren vil ikkje gi pålegg om retting etter kommunelova § 30-4.

Tilsynet blir med dette sett på som avslutta frå Statsforvaltaren si side.

Med helsing

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Toril M Mullen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent